

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.01.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Oppdragsdokument 2008 Helse Vest RHF**

Arkivsak
2008/46/012
Styresak 005/08 B

Styremøte 06.02. 2008

Bakgrunn:

Ved brev av 21. januar 2008 har Helse- og omsorgsdepartementet oversendt oppdragsdokumentet for 2008 til Helse Vest RHF.

Kommentarar:

Oppdragsdokumentet som Helse Vest RHF årleg mottok frå Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet, jf. styresak 006/08 B er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Oppdragsdokumentet for 2008 til Helse Vest RHF byggjer på St.prp. nr. 1 (2007-2008) og tilhøyrande budsjettvedtak i Stortinget. Gjennom dei midlane som blir stilt til disposisjon skal Helse Vest RHF realisere dei styringskrava som følgjer av dokumentet.

Oppdragsdokumentet har ein oppbygning der fastsette mål for tenestene blir omtala i ei innleiing under kvar overskrift, mens dei konkrete tiltaka og styringsvariablane som Helse Vest skal følgje opp i 2008, blir lista opp som kulepunkt. I oppdragsdokumentet bruker departementet styringsvariablar. Dette er nøkkeltal som departementet vil bruke for å følgje med i arbeidet med aktivitet, kvalitet og prioritering. Ein oversikt over styringsvariablane er gitt i vedlegg til dokumentet.

Oppdragsdokumentet inneheld ei rekke styringskrav som Helse Vest RHF må følgje opp og vidareføre i styringa av helseføretaka.

Forslag til vedtak:

Styret tek oppdragsdokumentet for 2008 til Helse Vest RHF til etterretning.

Vedlegg: Oppdragsdokument 2008 Helse Vest RHF